



2.2.7.1

Supplerande nominasjon – leke medlemmer

Val av bispedømmeråd og Kyrkjemøtet

Sjå *Regler for valg av bispedømmeråd og Kirkemøtet (bdr)*
§§ 2-8-3, 2-8-4, 2-8-5, 2-8-6 og 2-7-3.

Dersom den einaste lista som ligg føre 1. mai 2015 er lista frå nominasjonskomiteen, skal det opnast for supplerande nominasjon til denne lista.

Valrådet skal så snart som råd etter 1. mai 2015 kunngjere høvet til å fremje kandidatar ved supplerande nominasjon.

Etter kunngjeringa blir det gitt ein frist på éin månad for å fremje supplerande kandidatar. Desse kandidatane kjem i tillegg til dei som er nominerte av nominasjonskomiteen.

Forsлага skal sendast til valrådet i bispedømmet.

Det krevst minimum 75 forslagsstillarar, sjå nedanfor.

Forslagsstillarane må velje ein tillitsvald som kan vere kontaktperson for valrådet.

Etter at fristen for supplerande nominasjon har gått ut, stiller valrådet opp den endelige kandidatlista, seinast 8. juni 2015.

Forslag på kandidatar ved supplerande nominasjon skal oppfylle desse krava:

- Forslaget skal vere eigenhendig underskrive av minst 75 røysteføre forslagsstillarar frå minst tre ulike sokn i eitt prosti, og maksimalt 50 prosent av underskrivarane kan kome frå eitt og same sokn.
- Det skal vere tydeleg oppgitt kva val det gjeld.
- Forslaget skal innehalde maksimalt eitt namn.
- Den føreslalte kandidaten skal vere oppført med fullt namn og alder, og – om ønskeleg og for å unngå forveksling – adresse og yrke/stilling.
- Det skal følgje med stadfesting av at kandidaten er blitt spurd om å stille som kandidat.

Frist for supplerande nominasjon er 1.–8. juni 2015, avhengig av datoene for kunngjeringa frå valrådet etter 1. mai.

Andre føresegner:

Som vedlegg til forslaget skal det opplyst om

- fødselsdatoen til kandidaten
- kontaktinformasjon til kandidaten

Dersom kandidaten ikkje er innført i manntalet som busett i bispedømmet, må det ligge føre dokumentasjon på at personen oppfyller krava til å kunne veljast på valdagten.

Eit forslag ved supplerande nominasjon må ikke ha forslagsstillar felles med andre forslag. Ein forslagsstillar eller ei gruppe forslagsstillarar kan berre stå bak forslag om éin kandidat ved supplerande nominasjon.

Så sant forslaget har kome inn før fristen har gått ut, og forslaget fyller vilkåra i § 2-8-4 (sjå punktlista ovanfor), skal valrådet føre kandidaten opp på den endelige kandidatlista.

Presentasjon av kandidatane / innhenting av kva syn kandidatane har på aktuelle kyrkjelege spørsmål

Forslagsstillarane sender inn opplysningar som kan gi ein presentasjon av kandidaten som svarer til presentasjonen av kandidatane frå nominasjonskomiteen, jf. bdr § 2-9-2. Valrådet innarbeider desse opplysningane i den samla presentasjonen av kandidatane.

Det er utarbeidd eit standardskjema til bruk når ein vil føreslå kandidat ved supplerande nominasjon, skjema 2.2.7a *Forslag ved supplerande nominasjon (BDR – val av leke medlemmer)*. Skjemaet kan lastast ned frå www.kyrkjevalet.no / www.kirkevalget.no og finst på nynorsk og bokmål. I tillegg skal opplysningar om kandidaten fyllast inn i skjema 2.2.5 *Skjema for presentasjon av kandidatar (BDR)*. Kandidatane skal også presenterast med bilete.

Dei spørsmåla valrådet har stilt til kandidatane om aktuelle kyrkjelege spørsmål, skal nyttast, jf. bdr §§ 2-6-7 og 2-9. Kandidatane frå nominasjonskomiteen og eventuelle supplerande kandidatar skal presenterast på same måten.

Det er valrådet som fastset kva spørsmål som skal stillast til kandidatane, jf. bdr § 2-6-7. Forslagsstillarane må innhente svar på spørsmåla frå sin kandidat og gjere det klart for vedkomande at svara skal brukast i den offentlige presentasjonen av kandidaten.

Det er også planar om å lage ein «valgomat» der veljarene ved å svare på eit sett med spørsmål kan få opp kva kandidatar dei har mest til felles med.